

Yri nestleiar i ny komite

19.11.2007



Kjell Yri er nestleiar i ny komite. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedeling og leiar i Kvinnherad Venstre Kjell Yri er valt som nestleiar i ein ny komite – komiteen for helse, omsorg og miljø. Han er fyrste vara til kommunestyret, der Venstre har fem representantar.

Bente Bondhus frå Senterpartiet skal vera leiar i denne nye komiteen og det er ei nuskedeling til blant medlemmene – Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet. Elisabeth Croles (SV) og Hogne Gjuvslund (Frp) er dei to andre medlemmene i komiteen.

Erling Bolstad (Ap) leiar komiteen for oppvekst, kultur og idrett. Dei andre der er Håkon Røstbø (IP), Marianne Lund Anderssen (V), Leif Sverre Enes (H) og Hildegunn Eiane Aarhun (KrF).

Ellers har politikarane frå Uskedalen fått desse verva:

Gunn Mari Moberg (H) medlem av forliksrådet, som blir leia av Torgils Våge frå Senterpartiet.

Elin Legland (Sp) nestleiar i skatteutvalet, der Lise Rørvik (Ap) er leiar.

Bjarne Lilleaas (V) medlem av investeringsutvalet, som blir leia av Knut Prestnes (Sp).

Lilleaas er også ein av tre kommunale representantar til forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank. Torfinn Myklebust (IP) er ein av tre kommunale representantar til Rådsmøttet for Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Jostein Grov (SV) er representant til representantskapet i SIM.